

PRAKSISKONSULENTANE - arbeidsoppgåver og kontaktkommunar

Som annonsert i septemberutgåva av "Nytt frå praksiskonsulenten" har vi omsider fått utvida PK-ordninga i Helse Førde, slik at vi no er 3 allmennlegar som har bistilling som praksiskonsulentar. Praksiskonsulentane har delt arbeidsområder og kommunar i helseføretaket seg i mellom. Oppdatert info om PKO i Helse Førde vil du kunne finn her <http://www.helse-forde.no/samhandling/article.aspx?ObjectType=Article&Article.ID=1838>

Normund Svoen, kommunelege i Flora (20% stilling) kan kontaktast på normund.svoen@helse-forde.no Han er knyta til Førde sentralsjukehus og er kontakt for kommunane Bremanger, Flora, Askvoll, Fjaler, Hyllestad, Høyanger, Balestrand, Gulen og Solund. Han har sidan oppstart i stillinga brukt mykje tid på to samhandlingsprosjekt; det eine knytt mot **samhandling omkring pasientar med diabetes** og det andre knytt mot **samhandling omkring barn med AD/HD**. Prosjekta har vore presentert for personell ved diabetespoliklinikken i Førde der Astrid Dale og Randi Bøe er med i prosjektleiinga og ved BUP Førde der Bjarte Sanne og Torill Bruvik er med i prosjektleiinga. Det har også vore besøk til fastlegane i dei fleste kommunane som har Førde Sentralsjukehus som sitt lokalsjukehusområde med bl.a. presentasjon av prosjekta. Ein føler at samhandlingsprosjekta er godt mottekne både ved sjukehuset og ute hos fastlegane. Etter kvart vil meir info komme ut til fastlegane. Planen er at tilpassa prosjekt etter kvart også skal implementerast i

kommunar som har Nordfjord og Lærdal sjukehus som sine lokalsjukehus.

Tor Vidar Myklebust, kommunelege i Naustdal (10% stilling) kan kontaktast på tor.vidar.myklebust@helse-forde.no Han er i hovudsak knyta til Lærdal sjukehus og har kommunane i Sogn som har Lærdal sjukehus som sitt lokalsjukehus som sine kontaktkommunar. I tillegg er han kontakt for kommunane i Indre Sunnfjord, dvs. Førde, Jølster, Gaular og Naustdal. Han har inntil no engasjert seg særleg i ortopeditenestene i heile Helse Førde-området og reknar med å ha klar meir info her etter kvart. Han er også i full gang med besøk hos fastlegane i sine kontaktkommunar.

Anne Stubdal, kommunelege i Stryn (20% stilling) kan kontaktast på anne.stubdal@helse-forde.no Ho er i hovudsak knyta til Nordfjord sjukehus og har kommunar som har Nordfjord sjukehus som sitt lokalsjukehus som sine kontaktkommunar. I tillegg har ho medisinsk klinikk i Helse Førde som sitt ansvarsområde. Ho arbeider for tida med eit samhandlingsprosjekt mellom kvinneklinikken ved Nordfjord sjukehus og fastlegane i organisering av svangerskapsomsorg, samt eit samarbeidsprosjekt omkring diabetes-fotklinikk i Nordfjord. Ho er også godt i gang med fastlegebesøka i sine kontaktkommunar.

HELSEPERSONELLMØTA er no ei ansvarsoppgåve tillagt PK-ordninga. Møta blei arrangert 22.september i Førde, 29.september i Lærdal og 15.oktober i Nordfjord. Tema i år var tilvisingsrutinar i radiologi, prostatakraft og rehabilitering. Kwart helsepersonellmøte gir som tidlegare annonsert 3 teljande timar til vidare- og etterutdanning i allmenntmedisin. Møta var bra besøkt både av fastlegar og sjukehusstilsette og kan trygt tilrådest for ettertida. Neste møte blir på vårparten 2010.

Foredraga kan hentast ned her <http://www.helse-forde.no/samhandling/article.aspx?ObjectType=Article&Article.ID=5437>

PATOLOGITILBOD

Patologisk avdeling i Førde kan ta imot vevsprøver frå legekantora. Meir info om dette finn du her <http://www.helse-forde.no/pato/Default.aspx>

DØGN TIL DAG

PKO er invitert med i "ekspertgruppa" til prosjektet "døgn til dag". Endring frå døgn til dagtilbod vil også medføre konsekvensar for samhandling med kommunane. Vi sakser frå intranettsidene til Helse Førde:

"Helse Førde er i startgropa med eit nytt forbetningsprosjekt som har fått tittelen "døgn til dag". Målet er at fleire skal få tilbod om behandling på dagtid, og dermed sleppe innlegging. Helse Førde skal ha tilbod om dagbehandling for alle behandlingsforløp der dette kan fagleg grunnleggjast. Det er det som er utgangspunktet og målsetjinga med dette arbeidet, seier prosjektleiar Tove Hovland.

Omfattande arbeid

For å nå målet med ei slik omlegging innan somatikken, er det mykje som må gjerast. Prosjektgruppa skal først kartlegge behovet ved alle sjukehusa i føretaket. Deretter startar planlegginga og tidspunkt for iverksetting av endringar med omsyn til både pasienttryggleik, moderne medisin og økonomi.

- Dette handlar eigentleg om alt vi driv på med, så det er eit omfattande arbeid. I første omgang kjem vi til å vurdere alternative omleggingar innan kirurgi og indremedisin, for opptrening og rehabilitering, seier Hovland.

Rett metodikk

Ho er også oppteken av at prosjektet vert gjennomført etter Helse Førde sin forbetningsmetode. Ein metode som blant anna vart nytta i samband med dagkirurgisk senter og pasienthotell ved Førde sentralsjukehus.

Både dei tillitsvalde og styret i Helse Førde har gjeve prosjektet full støtte."

Helsing praksiskonsulentane